



## Notat

Dato: 17.11.2016  
Arkivsak: 2016/412-35  
Saksbehandlar: erliver

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Etterslep vedlikehald haldeplassar - Svar på oversendingsforslag

Det vert vist til spørsmål frå representanten Astrid Aarhus Byrknes i utval for miljø og samferdsel den 6. oktober 2016:

*«Eg takkar for svar på mitt spørsmål som ligg i MISA til 6.10. For å fylgje opp denne, så ber eg om at eg får eit " røffleg " eller stipulert tal på kva det vil koste å få kontroll på det etterslepet ein har på vedlikehald på haldeplassar. Eg ynskjer desse i god tid før budsjettet for 2017 skal handsamast.»*

Det er ikkje gjennomført ei heilskapleg kartlegging av behov for haldeplassoppgradering i Bergen kommune eller Hordaland samla, og det ligg derfor ikkje føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å nøyaktig slå fast grad av etterslep på vedlikehald. Det har til no ikkje vore vurdert som tenleg å gjennomføre ei slik kartlegging på grunn av det høge talet på haldeplassar i Hordaland. Det er meir enn 10 400 haldeplassar totalt i Hordaland fylke, og ca. 2 100 av desse ligg i Bergen kommune. Det må skiljast mellom Bergen (Bergensprogrammet) og Hordaland utanom Bergen.

#### Haldeplassoppgradering i Bergen

Fokus på haldeplassoppgradering har til no vore på strekningsvis oppgradering av stamlinjene, der arbeidet nærmar seg ferdigstilling. Fokus vert no retta mot andre, tunge busslinjer som ikkje har stamlinjestatus, til dømes Laksevåg og Bønes.

Eit grovt overslag viser at det kan reknast med ca. kr 500 000 i oppgradering/ universell utforming per haldeplass i Bergen kommune, og noko meir i sentrumsområde. I tillegg kjem eventuell etablering av sanntidsinformasjon.


#### Haldeplassoppgradering Hordaland utanom Bergen

Det er over 8 000 haldeplassar i Hordaland utanom Bergen. Det har til no ikkje vore planlagt å gjennomføre ei kartlegging av desse, mellom anna er fleire av desse haldeplassane ikkje skilta. Samstundes vil behov for oppgradering endre seg kontinuerleg mellom anna gjennom behov for skuleskyss og endringar i skulestruktur.

Vidare vert det arbeidd opp mot Statens vegvesen og Vegdirektoratet for å utvikle ein forenkla standard for haldeplassar i distrikta. Dette kan ha stor innverknad på kostnadane med haldeplassoppgradering (krav til standard), og grunngevinga for arbeidet har vore som følgjer:

- Det vert ikkje nytta låggolvsmateriell i store deler av Hordaland utanom Bergen, altså vert effekt av universelt utforma haldeplassar med tanke på trinnfri tilkomst til buss frå plattform redusert
- Mange av haldeplassoppgraderingane har i stor grad preg av å vere trafikktryggleikstiltak, det vil seie å gi reisande eit trygt venteareal utanfor vegbana, samt å få bussane ut av vegen på uoversiktlege punkt

Når det gjeld større knutepunkt for kollektivtrafikken i Hordaland utanom Bergen så er det gjennomført ei kartlegging som viser behov for opprusting. I dei fleste tilfelle vil mindre tiltak som til dømes skilting og informasjon har stor effekt, men det er likevel peikt på at meir enn halvparten av knutepunkta har behov for større tiltak.



Til saman er 39 kollektivknutepunkt kartlagt, 18 i Hardanger og Voss, 6 i Nordhordland, 8 i Sunnhordland og 7 i Bergensområdet. Døme på større tiltak (jf. figur over) er utviding av køyreareal for buss i tilknytning til kaianlegg, plattformar, utskifting av dekke, mens mindre tiltak kan vere trinnfri tilkomst, skilting, belysning og informasjon.

### Vidare arbeid

Det har som nemnt til no ikkje vore vurdert som aktuelt å gjennomføre ei heilskapleg kartlegging av oppgraderingsbehov for haldeplassar i Hordaland, og det ligg derfor ikkje føre eit reknestykke som kan vise etterslepet. Basert på diskusjonen med Vegdirektoratet ligg det heller ikkje føre ei avklaring av kva slags standard som kan leggest til grunn, eller om det skal etablerast ei minimumsgrense for kor mange som nyttar haldeplassen for at den skal vere aktuell for oppgradering. Alle desse faktorane vil verke inn på kostnad knytt til etterslep i vedlikehald.

I staden for omfattande ressursbruk på kartlegging har det vore fokusert på ulike aktørar som har kunnskap om og mottar innspel vedkomande haldeplasssituasjonen i fylket, til dømes den einskilde kommune, skule og bussoperatør, i tillegg til Statens vegvesen, Skyss og samferdselsavdelinga i fylkeskommunen. Denne informasjonen vert koordinert i ei eiga kollektivgruppe for Hordaland, som handsamer alle spørsmål knytt til utgreiing, prioritering og gjennomføring av mellom anna haldeplasstiltak.

For tiltak i Bergen kommune har det i plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet dei siste åra vore sett av ein fast post til haldeplassoppgradering. Storleiken på posten har variert med mengda av andre kollektivtiltak i Bergensprogrammet. I staden for utarbeiding av samla etterslepslistar vert det her arbeidd systematisk med strekningsvise gjennomgangar av busslinjer som er aktuelle for haldeplassoppgradering.

